
Fra: Hommedal Inge <Inge.Hommedal@norconsult.com>
Sendt: torsdag 16. august 2018 14:10
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Sterner Erik
Emne: 5170657 E39 Knarvik sentrum: Støy frå ombyggt veganlegg og mogelege fylgjer for kommunale omsorgsbygg
Vedlegg: 2008 Brosj SVV bygger ny veg.pdf; CadnaA - Modell eksisterende med nye hus15.cna.pdf

Til: Bygg/eigedomsansvarleg eller andre rette vedkomande i Lindås kommune.

Som kjent planlegg SVV og Lindås kommune i fellesskap endringar i E39 gjennom Knarvik. I samband med det vert det også sett på kva vegtrafikkstøy i framtidig situasjon får å seia for støyømfintlege bygg og areal kring vegane. Akustikkfagleg vert delar av vegtiltaket rekna som eit miljø- og tryggleikstiltak av Fylkesmannen og akustikkmiljøet her hjå oss. Dei delane (i praksis alt aust for den komande ovale rundkøyeringa) har slakkare krav til vurdering og eventuell avbøting av støyen (utandørs årsmiddelstøy på $L_{den} = 65$ dB som tilrådd støygrense i staden for $L_{den} = 55$ dB som for vanlege vegtiltak). Dei hine delane av vegtiltaket vil fylgjeleg vera underlagt vanleg sakshandsamingspraksis i støysaker.

Utrekningar av utandørs støy i framtidig situasjon tyder på at Knarvik sjukeheim og nokre av omsorgsbustadene i rekke nordvest for sjukeheimen får overskridingar av den tilrådde støygrensa på $L_{den} = 55$ dB. For å avgjera om *utandørsstøyen* er sterk nok til å laga overskridingar av grenser for *innandørs støy* trengst det teknisk informasjon om bygga, t.d. konstruksjon, rombruk/føremål, osv. Avhengig av lydisolasjonsegenskapane til bygga kan det verta naudsynt med innandørs synfaringar/oppmålingar for å avgjera om det trengst avbøtande tiltak (t.d. fasadeforsterking, akustisk tette rekkverk på balkong/veranda, osv.).

Har de høve til å hjelpa til i dette arbeidet? I fyrste omgang trengst det plan- og fasadeteikningar for sjukeheimen og for dei omtala omsorgsbustadene. Teikningane bør spegla faktisk situasjon i dag, med eventuelle endringar etter oppføring av bygga tydeleg merka på teikningane.

Måndag 27. august planlegg me for ei akustikkfagleg synfaring av 3 bustadeigedommar i Stallane for vurdering av ein eventuell støyskjerm på dei eigedommane. Om det trengst og om det høver så for dykk kunne det vore greitt å kombinera den synfaringa med innandørs synfaringar i bygga nemnde ovanfor. Dette får me eventuelt koma attende til, men om de held dagen open så set me stor pris på det.

Til info legg eg ved:

1. ei brosjyre frå Vegvesenet som har litt allmenn informasjon om temaet,
2. eit kart frå støymodellen som syner kva bygg og fasadar som er aktuelle.

På førehand takk for tilbakemelding og eventuell hjelp.

Med venleg helsing,
Inge Hommedal
Rådgjevar i akustikk
Telefon: 909 32 527
Inge.Hommedal@norconsult.com

Norconsult AS,
Besøksadresse: Ultrågata 6B, postadresse: Skulegata 11A

5700 Voss

www.norconsult.no

Org. nr. 962 392 687 MVA [Trenng du skriva ut denne e-posten?](#)

CONFIDENTIALITY AND DISCLAIMER NOTICE: This message is for the sole use of the intended recipients and may contain confidential information. If you are not an intended recipient, you are requested to notify the sender by reply e-mail and destroy all copies of the original message. Any unauthorized review, use, disclosure or distribution is prohibited. While the sender has taken reasonable precautions to minimize the risk of viruses, we cannot warrant the absence of, or accept liability for, any such viruses in this message or any attachment.